

Uttale kontrollnemnda

Kontrollnemnda si oppgåve er å kontrollere at styre i 4H Hordaland rettar seg etter dei vedtaka som årsmøte gjer. Særleg årsplan og budsjett er viktige styringsdokument.

Kontrollnemnda har og som oppgåve å finne ein person for tre år og tre varamedlemar for eit år til valnemnda. Dette året har kontrollnemnda bestått av Vilde Sylta Kvamme, Rune Solberg og Elin Klette.

2021 har vore eit spesielt år som har bydd på mange utfordringar for 4H Hordaland, og me i kontrollnemnda vil rose fylkesstyre og kontoret for sin evne til å tilpasse seg situasjonen i år igjen. Leirar var tidleg avlyst, men som eit alternativ har styret oppmoda til lokale løysningar som leir med klubben, overnattingar ute og dagskurs. Og som ein del av dette hjelpt med midlar til kursa, og diverse konkurransar på SoMe.

Styret i 4H Hordaland og 4H kontoret har gjort ein flott jobb med digitale møte for klubbbrådgjevarane, både kveldsmøter og dagsamling. Klubbbrådgjevarane har ei krevande oppgåve i klubbane i desse spesielle tider og me ser det som viktig at dei får høve til å dela erfaringar, stilla spørsmål og støtta kvarandre.

Pandemien har også dette året hatt stor innverknad på aktivitetane og dermed økonomien. Styret og 4H-kontoret har tatt desse utfordringane på strak arm og omstilt drifta. Større samlingar har ikkje vore mogeleg, mindre samlingar innafor restriksjonane, som dagskurs i klubbane, temakurs og juniorsprell har vorte gjennomførde.

Den store inntektssvikten er på deltakaravgifter med kr 516.280. Ein inntektssvikt totalt samanlikna med budsjett på kr 472.548 har difor vore uungåeleg. Låg aktivitet har også hatt innverknad på utgiftssida som viser kr 499.941 under budsjettet.

Totalresultatet var budsjettet med minus 92.100, men enda på pluss 183.174. Dette kan forklarast med forhold nevnt over, og delvis med at det har vore jobba bra med å søkja offentlege tilskot, her har det inkludert koronasstøtte kome inn 89.191, over budsjettet.

Det er bra at økonomien vert kommentert på styremøta. Slik kan styret følgje opp og lettare iverksetje tiltak om nødvendig.

Vilde Sylta Kvamme
(sign)

Rune Solberg
(sign)

Elin Klette
(sign)